



Osterøy kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 17.02.2019, kl. 11.30 – 14.00
Stad: Familie- og omsorgssentert, Lonevåg
Tilstade: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar),
Ann Christin Reigstad (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem)
og Jon Daltveit (medlem)
Forfall:
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit (til sak 07/20 – 12/20,
økonomisjef Øyvind Johannesen (til sak 06/20 - 08/20) og
ordfører Lars Fjeldstad
Frå revisjonen: Janne Eraker, Revisjonssjef, Nordhordland Revisjon IKS
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS

01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Behandling i møte:

Innkallinga skal komme 7 dagar før møtet til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalet sine innkallingar og sakspapir leggst ut på heimesida til kommunen på lik linje med andre politiske utval.



02/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Saksvedlegg:

(1) Møteprotokoll frå møtet 13.12.2019

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 13.12.2019 vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 13.12.2019 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Møteprotokollen er godkjent.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 13.12.2019 er godkjent slik den ligg føre.

03/20 Skriv og meldingar

a. Oppsummering frå perioden 2015 – 2019

Saksopplysingar:

a. I Osterøy kontrollutval sitt møte 13.12.2019 i sak 40/19 fekk kontrollutvalet orientering om saker og tema til handsaming for 2020. Oppsummeringsrapporten frå perioden 2015 – 2019 sendast ut på ny som skriv og melding til orientering.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Behandling i møte:

Oppsummeringa har vore sendt ut tidlegare.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



04/20 Budsjettramme 2020 - Kontrollutvalet

Saksopplysingar:

Etter ny Kontrollutvals- og revisjonsforskrift § 2 skal kontrollutvalet utarbeide eit framlegg til årsbudsjett for «kontrollarbeidet» i kommunen. Dette inkluderer utgifter til: kjøp av tenester vedkomande kontrollutvalssekretær og revisjon, samt møter og opplæring for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt framlegg skal følgje med innstillinga til årsbudsjettet ved kommunestyret si handsaming, jmf kommunelova § 14 -3 tredje ledd.

For å få betre grunnlag til å utarbeide framlegg til årsbudsjett for «kontrollarbeidet» i kommunane, kan kontrollutvalet få orientering om rekneskapstala undervegs i 2020.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalssekretariatet og/eller administrasjonen orienterer om status for rekneskapstala innan kontroll/revisjon 2 gonger i løpet av året, og elles ved behov.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta saka og kva utgifter det er viktig å ha oversikt over. Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til årsbudsjett for «kontrollarbeidet» i kommune, og det er viktig at kontrollutvalet får oversikt over budsjettpostane for dette og at det avklarast kva kostnader som høyrer til.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalssekretariatet får oversikt over rekneskapstala for kontrollarbeidet og at det vert lagt til rette for eit oversikteleg budsjett og rekneskap for kontrollarbeidet.

05/20 Forvaltningsrevisjon: Risiko- og vesentlegvurdering

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine



eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Endeleg plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll vert vedteke av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Osterøy kommune er medeigar i Nordhordland Revisjon IKS, som mellom anna omfattar forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Osterøy kommune. I førre periode samarbeida revisor og kontrollutvalssekretær om utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering til grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Det er ønskje om å fortsette dette samarbeide og kontrollutvalssekretær vil i møtet leggje fram skisserte prosess for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Osterøy kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil bestille prosessplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og vidare prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Behandling i møte:

Sekretariatet orienterte om prosessplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering. Mellom anna korleis ein har tenkt å hente inn innspel og data frå politikarar og nøkkelpersonar i administrasjonen, samt KOSTRA-tal og kommuneplanar. Kontrollutvalet vil i neste møte få framlagt ein prosessplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar, og ein legg opp til eit kontrollutvalsmøte før sommaren med særleg fokus på risiko- og vesentlegvurderingar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet bestiller prosessplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og vidare prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

06/20 Årsrapport for 2019, Nordhordland kemnerkontor

Saksvedlegg:

(3) Årsrapport for 2019 - Nordhordland kemnerkontor, 21.01.2020

Saksopplysingar:

Nordhordland kemnerkontor er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Samarbeidet har vore etablert som



vertskommunesamarbeid utan nemnd etter kommunelova § 20-1, der Lindås kommune har vore vertskomune. Frå 01.01.2020 er Lindås, Meland og Radøy slått saman, og kemnarens nærmaste overordna i Alver kommune er økonomisjefen.

Skatteoppkrevjarane skal utarbeide årsrapport i samsvar med retningsliner gitt av Skattedirektoratet, jf. Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1. Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgiverkontroll er ivareteke ved skatteoppkrevjarkontoret.

Årsrapporten for 2019 gjeldt for kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Det har i 2019 vore 7,5 årsverk som benytttes til skatteoppkrevjarfunksjonen, samt ca 0,3 årsverk til innkreving av kommunale krav. Ressurssituasjonen og kompetansenivået vert vurdert som tilfredsstillande.

Skatteoppkrevjaren bekrefter at skatterekneskapet for 2019 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer.

Det arbeidast kontinuerleg med innkreving av alle forfalte skatte- og avgiftskrav, og det blir gjort tiltak for å avbryte foreldelse av krav.

Nordhordland kemnerkontor gjennomfører arbeidsgiverkontroll for alle deltakerkommunane, og har i 2019 også gjennomført arbeidsgiverkontroller for kommunane Gulen, Vågsøy og Solund. Tal gjennomførte kontrollar i 2019 var 92.

Kemnerkontoret har i 2019 gjennomført fleire byggeplasskontrollar saman med Arbeidstilsynet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrapporten for 2019 frå Nordhordland kemnerkontor til orientering.

Behandling i møte:

Økonomisjef deltok i saka, og orienterte kort om endringane kring innkrevjing av kommunale avgifter. Det vert ei endring frå 1. juni 2020 der kommunen må finne ei ny løysing for dette, og kommunen er i dialog med Kemnerkontoret og jobbar med å få ei god løysing på plass.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrapporten for 2019 frå Nordhordland kemnerkontor til orientering og takkar for orienteringa frå økonomisjefen.



07/20 Oppfølging av revisjonsrapport om årsrekneskapen 2018

Saksvedlegg:

(4) Rapport om årsrekneskapet for 2018, datert 12.06.2019 nr. 17, Nordhordland Revisjon IKS

(5) Særutskrift frå sak 16/19 Uttale frå kontrollutvalet, 13.06.2019

Saksopplysingar:

I sak 16/19 gav kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap / årsmelding for 2018. I uttalen vart det vist til revisjonsrapport nr. 17 og revisjonen sine kommentarar til rekneskapen.

Kontrollutvalet vurderte at revisjonen av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført og vedtok å følge opp revisjonen sine kommentarar i løpet av 2019.

Av Revisjonsrapport nr. 17 er det mellom anna gjeve kommentarar til:

- Likvidar utanfor rekneskapen (det vart tatt atterhald om dette i revisjonsmeldinga)
- Avstemming av bank og kasseteljing
- Rutiner for avstemming av lønsområdet
- Innrapportering og avstemming av refusjonar frå Nav
- Avstemmingsrutine for økonomisk sosialhjelp
- Gjennomgang av tap på krav
- Urettmessige krav
- Rutiner for avlegging av årsrekneskapen for å sikre at lovpålagte frister vert haldt

Revisjonen vurderte i sin rapport at deira kommentarar ikkje var vesentleg i høve til revisjonsmeldinga, men tok atterhald vedkomande likvidar utanfor rekneskapen.

Rådmann og økonomisjef er beden om å gje ein status for oppfølging av kommentarar/tilrådde tiltak.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Janner Eraker oppsummerte kort om revisjonen av årsrekneskapen 2018.

Økonomisjef Øyvind Johannesen orienterte om oppfølging av merknadene, med særskilt fokus på avstemming av lønsområdet, avstemming av refusjonar frå Nav, tap av krav og likvidar utanfor årsrekneskapen.



Avstemmingar i dei ulike områda vert følgt tettare opp og ein har betra rutinene kring avstemming opp mot årsrekneskapen.

Det er utarbeida tydlegare rutiner kring opning av bankkontoar og oppfølging av desse i rekneskapen, og det jobbast med å få desse på plass.

Årsrekneskapen for 2020 er under ferdigstilling, men foreløpig status er at ein ikkje når fristen for innsending til 22. februar. Det er gjort endringar i ansvarsområde og ressursituasjonen, slik at kapasiteten er noko betra. Økonomikontoret har tett kontakt med revisjonen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

08/20 Årsbudsjett 2020 – Osterøy kommune

Saksopplysningar:

Rådmann og økonomisjef er beden om å gje ei orientering om foreløpige tilbakemeldingar frå Fylkesmannen om årsbudsjettet for 2020.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann og økonomisjef orienterte om årsbudsjettet for 2020 og foreløpig tilbakemelding frå Fylkesmannen.

Formell tilbakemelding frå Fylkesmannen er ikkje komme, men kommunen har fått ein foreløpig tilbakemelding som mellom anna gjeldt formatoppsett, finansielle måltal og disposisjonsfond. Måltala er satt opp etter det som er anbefalt, og desse må følgjast opp i det vidare budsjettarbeidet. Merknadene til Fylkesmannen vert følgt opp innan frista.

Det jobbast elles med å få budsjettplanen til å gå opp, og ein ser at 2021 vert eit utfordrande år med mindre forventa inntekter og auke i forventa utgifter. Det vert jobba med å finne innsparingar og moglege inntekt/støtte for neste åra. Risikoen dersom økonomiplanen ikkje går i balanse, er at kommunen kjem på ROBEK-registeret. Ein forventar eit resultat med meirforbruk i 2019.



Osterøy kommune

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

09/20 Bruk av Vigilo i Osterøy kommune

Saksopplysingar:

Rådmann er beden om å gje ei orientering om bruk av Vigilo i Osterøy kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmannen orienterte om bruk av Vigilo i Osterøy kommune. Kontrollutvalet fekk utdelt eit skriv om informasjonssikkerheit i Vigilo. Kommunen nyttar Vigilo, men ikkje same modul som Bergen kommune har hatt. Det skal utførast ein analyse for å dokumentere vurdering av GDPR og personvern gjennom personvernombodet som er oppnemnt gjennom IKT Nordhordland.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

10/20 Status Hetlevikhuset

Saksopplysingar:

Rådmann er beden om å gje ei orientering om status for Hetlevikhuset.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmannen orienterte om status for Hetlevikhuset og bakgrunn for vurderingane. Grunna arbeid på nabotomt, vurderes det å kunne ein få til å riva av bygget samtidig, men dette er under arbeid.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

11/20 Møteplan 2020 - Kontrollutvalet

Saksopplysingar:

I førre møtet vart møteplan for 2020 vedteke.

Møtedato i februar var flytta frå 10. til 17. februar.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek endring i møteplanen til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta møteplanen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek endringane til orientering.

12/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Sekretariatet vil i møtet orientere om rutiner kring gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta rutinane kring gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollane.



13/20 Eventuelt

Behandling i møte:

Når kontrollutvalsmedlemmer har innspel til saker til møtet, ber ein at dette vert sendt på e-post til sekretariatet og leiar i god tid før møtet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Neste møte: 4. mai kl. 11.30.

Osterøy, 17.02.2020

Kato Melchersen
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær